

Eksamen

07.06.2011

RH03102 Reinhaldsfag/Renholdsfag
Praksiskandidatar/Praksiskandidater / Lærlingar/Lærlinger

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timar
Hjelpemiddel:	Sjå gjeldande reglar.
Vedlegg:	
Vedlegg som skal leverast inn:	
Andre opplysningar:	
Rettleiing om vurderinga:	
Informasjon til sensor og eksaminand:	

Situasjonsbeskriving

Ein vidaregåande skole består av ein restaurert bygning og eit nytt tilbygg. Skolen har 250 elevar.

I bygningane er det ti klasserom og to spesialrom, eitt som er delt mellom naturfag, fysikk og kjemi, og eitt for helse- og sosialfag som er innreidd som eit pasientrom med seng, nattbord og tekjøkken. Reinholdarane har ansvar for reinhold av golvflater, vindaugskarmar, dører med karmar og vegger i spesialromma. Skolen er tilrettelagd for undervisning av funksjonshemma, under dette stellerom og vaskerom. Veggene er måla betong.

Eit større ope areal er tilrettelagt for ulike aktivitetar og er innreidd med arbeidsplassar for elevar som har fritimar. Golvet har fliser som må reingjerast maskinelt ettersom det oppstår gangbanar som ikkje kan fjernast med mopping. I tilknytning til dette området ligg det også fem grupperom og to gruppe- og møterom som alle har vinylbelegg. Det er kontor i begge bygga, med arbeidsrom for grupper på opptil seks lærarar i kvar kontorsone. Dei som jobbar i administrasjonen, har enkeltkontor.

Det store personalrommet er innreidd med tekjøkken og oppvaskmaskin. Reinholdarane skal tørke av bord og kjøkkenbenk og sjå til at oppvaskmaskina blir fylt, sett i gang og tømd.

Kantina ligg i tilknytning til det opne biblioteket. Her er reinholdarane berre ansvarlege for reinhold av golvflater med linoleumsbelegg.

Gymnastikkavdelinga består av ein gymnastikksal med vinylbelegg på golvet og eit eige trimrom med apparat. Det er reinholdarane som har ansvar for å tørke av apparat og reinhold av alle golvflater. Dei fire garderbane for elevar og lærarar har vinylbelegg, og dusjane har keramiske fliser på golv og vegger. Gymnastikkavdelinga blir leigd ut på kveldstid.

Auditoriet har måla flater på skriveplate. Det er brukt ein miljøvennleg målingstype som er vanskeleg å reingjere. Flekkene sit godt fast og lèt seg berre reingjere med mikrofiberklutar. Auditoriet er mykje i bruk og blir også leigd ut på kveldstid.

Inngangspartiet ved skolen er lett å halde reint til tross for at det er innreidd med mykje glas. Det er montert automatisk døropnar, og inngangspartiet er utstyrt med matter som er delte inn i felt med avskraping og fuktabsorberande eigenskapar. Heisen er montert i det nye tilbygget, og bygga er knytte saman med ei lita trapp med tre trinn og rampe.

Undervisningstida ved skolen er frå kl. 08.10 til 15.40, det vil seie åtte timar klasseundervisning med 60 minutts timar. Ein del elevar arbeider også sjølvstendig i løpet av dagen i det opne aktivitetsarealet og i biblioteket. Timeplanen blir brukt til planlegging av alle typar aktivitetar ved skolen.

Før tilbygget kom, var det tilsett tre reinholdarar ved skolen. Du har heil stilling som leiande reinholdar. I tillegg er det to medarbeidarar som jobbar 50 %. Alle begynner kl. 07.00. Når det nye bygget no blir teke i bruk, må det tilsetjast fleire. To reinholdarar, som begge tidlegare har arbeid delt i 50 % stilling ved ein annan skole, har fått tilbod om ca. 75 % stilling med arbeidstid frå kl. 11.00 til 17.00. Begge har takka ja til jobben.

Oppgåve

1. Beskriv og grunngi ein ny reinhaldsplan for arbeidstid frå kl. 07.00 til 17.00. I planen skal du beskrive
 - kva for reingjeringsmiddel som skal brukast
 - metodar og utstyr du vil nytte for dagleg og periodisk reinhald
 - tidspunkt og frekvensar for reinhald i dei enkelte romgruppene
2. Beskriv og grunngi ein plan for ein ny reinhaldssentral som skal opprettast i det nye tilbygget, og som skal dimensjonerast med plass for reingjeringsvogner, ladestasjon for golvvaskemaskin og vaskemaskin for moppar med sluk for tømning av maskiner.
3. Beskriv korleis du og kollegaene dine kan samarbeide med andre tilsette og elevar for å få til eit tilfredsstillande reinhald samtidig med at det går føre seg undervisning og annan aktivitet.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timer
Hjelpemidler:	Se gjeldende regler.
Vedlegg:	
Vedlegg som skal leveres inn:	
Andre opplysninger:	
Veiledning om vurderingen:	
Informasjon til sensor og eksaminand:	

Situasjonsbeskrivelse

En videregående skole består av en restaurert bygning og et nytt tilbygg. Skolen har 250 elever.

I bygningene er det ti klasserom og to spesialrom, ett som er delt mellom naturfag, fysikk og kjemi, og ett for helse- og sosialfag som er innredet som et pasientværelse med seng, nattbord og tekjøkken. Renholderne har ansvar for renhold av gulvflater, vinduskarmer, dører med karmer og vegger i spesialrommene. Skolen er tilrettelagt for undervisning av funksjonshemmede, herunder stellerom og vaskerom. Veggene er malt betong.

Et større åpent areal er tilrettelagt for ulike aktiviteter og er innredet med arbeidsplasser for elever som har fritimer. Gulvet har fliser som må rengjøres maskinelt ettersom det oppstår gangbaner som ikke kan fjernes med mopping. I tilknytning til dette området ligger det også fem grupperom og to gruppe- og møterom som alle har vinylbelegg. Det er kontorer i begge byggene med arbeidsrom for grupper på opptil seks lærere i hver kontorsone. De som jobber i administrasjonen, har enkeltkontorer.

Det store personalrommet er innredet med tekjøkken og oppvaskmaskin. Renholderne skal tørke av bord og kjøkkenbenk og se til at oppvaskmaskinen blir fylt, satt i gang og tømt.

Kantinen ligger i tilknytning til det åpne biblioteket. Her er renholderne bare ansvarlig for renhold av gulvflater med linoleumsbelegg.

Gymnastikkavdelingen består av gymnastikksal med vinylbelegg på gulv og et eget trimrom med apparater. Det er renholderne som har ansvar for å tørke av apparater og renhold av alle gulvflater. De fire garderobene for elever og lærere har vinylbelegg, og dusjene har keramiske fliser på gulv og vegger. Gymnastikkavdelingen leies ut på kveldstid.

Auditoriet har malte flater på skriveplate. Det er brukt en miljøvennlig malingstype som er vanskelig å rengjøre. Flekkene sitter godt fast og lar seg bare rengjøre med mikrofiberkluter. Auditoriet er mye i bruk og leies også ut på kveldstid.

Inngangspartiet ved skolen er lett å renholde til tross for at det er innredet med mye glass. Det er montert automatisk døråpner, og inngangspartiet er utstyrt med matter som er delt inn i felter som har avskrapning og fuktabsorberende egenskaper. Heisen er montert i det nye tilbygget, og byggene er føyd sammen ved en liten trapp med tre trinn og rampe.

Undervisningstiden ved skolen er fra kl. 08.10 til 15.40, det vil si åtte timer klasseundervisning med 60 minutters timer. En del elever arbeider også selvstendig i løpet av dagen i det åpne aktivitetsarealet og i biblioteket. Timeplanen brukes til planlegging av alle typer aktiviteter ved skolen.

Før tilbygget kom, var det ansatt tre renholdere ved skolen. Du har hel stilling som ledende renholder. I tillegg er det to medarbeidere som jobber 50 %. Alle begynner kl. 07.00. Når det nye bygget nå tas i bruk, må bemanningen økes. To renholdere, som begge tidligere har arbeidet deltid i 50 % stilling ved en annen skole, har fått tilbud om ca. 75 % stilling med arbeidstid fra kl. 11.00 til 17.00. Begge har takket ja til jobben.

Oppgave

1. Beskriv og begrunn ny renholdsplan for arbeidstid fra kl. 07.00 til 17.00. I planen skal du beskrive
 - hvilke rengjøringsmidler som brukes
 - metoder og utstyr du vil benytte for daglig og periodisk renhold
 - tidspunkt og frekvenser for renhold i de enkelte romgruppene
2. Beskriv og begrunn en plan for ny renholdssentral som skal opprettes i det nye tilbygget og dimensjoneres med plass for rengjøringsvogner, ladestasjon for gulvvaskemaskin og vaskemaskin for mopper med sluk for tømning av maskiner.
3. Beskriv hvordan du og dine kolleger kan samarbeide med andre ansatte og elever for å få til et tilfredsstillende renhold samtidig med at undervisning og annen aktivitet foregår.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no